

## Ambjørndalsstigen...

...er ei rundløype på ca. 6 km som følgjer gamle vegfar mellom gardar og plassar i Togrenda og Ambjørndalen.

Stigen startar og endar i krysset på Myljom-To.

Den går via Nord-To, Ambjørndalen, Lislero, Valufsin, Valufsura, Skogen og Bøllås.

Frå Bøllås og nedatt til Togrenda følgjer du bilvegen. Dersom ein går frå kyrkja vil turen vera på ca. 10 km.

### Kultur- og naturstig

Langsmed stigen vil du finne 12 informasjonstavler om liv og virke før og no i dette landskapet. I tillegg til soge- og segnstoff, er det lagt vekt på å få fram verdiane i gamle kulturmarkstypar som tradisjonelt skjøtta slåtteenger og haustingsskog (tre som er hausta for lauv til dyrefôr). Hjartdal og Svartdal, grannebygda i vest, er kjende for å ha særskild mykje att av dette, noko ein ser fleire døme på også på denne turen.

### Aktørar

Miljødirektoratet har gjeve stønad til å få på plass informasjonstavlene. Dei blei tilrettelagt av Kulturlandskapsenteret i 2013-2014. Stigen er rydda av grunneigarar med stønad frå Hjartdal kommune (SMIL-midlar).

### Dyr på beite

Det er til tider dyr på beite på delar av stigen. Desse er vande med folk, men det kan likevel vera lurt å ta med seg ein stav, ei grein eller liknande, for å lettare kunne halde dei litt på avstand.

### Turskikk

Lat att grinder etter dykk!  
Hald hundar i band!  
Ver venlege og ikkje trakk ut i enger og jorde der det skal slåast.

### Turistinfo

Bygdesentralen: Tlf. 35024868  
Hjartdal kommune: Tlf. 35028000

### Kulturlandskapsenteret

Kulturlandskapsenteret driv ulike typar prosjekt- og konsulentarbeid, i tillegg til å arrangere kurs og temadaga, og ta i mot førehandsbestilte grupper for omvising og føredrag.



[www.kulturlandskapsenteret.no](http://www.kulturlandskapsenteret.no)

Tlf. 971 87 758.




## Ambjørndalsstigen



*Ein kultur- og naturstig  
attover og framover  
i tid...*

# Ambjørndalsstigen



**Kart over Ambjørndalsstigen.** Frå p-plass ved Hjartdal kyrkje og opp til Myljom-To er det ca. 2 km. Ambjørndalsstigen som rundløype frå Myljom-To er på ca. 6 km. Går ein i staden frå Myljom-To til Skogen og attende, er lengda ca. 3,5 km x 2. Frå Skogen og over til gullgruvene på Blika i Svartdal er det berre ca. 2 km (gå Gullstigen). Går ein strakt frå kyrkja via Øvre To til Blika, er det ca. 6 km. Ambjørndalsstigen følgjer Bispevegen på strekket frå Nord-To til Ambjørndalen. Myljom-To ligg på 375 m.o.h., Nord-To på 400 m.o.h., Ambjørndalen på 350 m.o.h., Lislero på 375 m.o.h., Valufsin på 475 m.o.h. og Skogen på 550 m.o.h.. I tillegg til lauvingslia på Myljom-To (lysegrønt felt) og haustingskogen på Ambjørndalen (mørkegrønt felt) står det mange spreidde lauvingstre langsmed vegar og stigar, her og der også nokre større felt. På Ambjørndalen og Nedre Bøllås er det også artsrike slåtteenger heilt inntil stigen, desse er særleg sjåverdige i april-mai når systemmarihand er i bløming. Flotte systemmarihandrike enger er òg å sjå i Blikagrenda i Svartdal.